



Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

Vår dato:  
12.03.2021

Vår ref:  
2021/1434

Dykkar dato:  
21.01.2021

Dykkar ref:  
21/640

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Bremanger kommune – godkjenning av budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Bremanger kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 91/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Statsforvaltaren skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024 er godkjent.**
- **Låneramme på 16 millionar kroner er godkjent.**
- **Lån frå Husbanken til vidare utlån med 3 mill. kroner er godkjent.**

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

*Drifta til kommunen har for dei seinare åra gått med ubalanse. For at kommunen skal klare å dekkje inn det resterande underskotet i 2021, og deretter bli meldt ut av Robek-registeret, er det avgjerande at netto reduksjonar i drifta blir gjennomført som planlagt. Dette må bli vidareført i økonomiplanen, slik at kommunen kan bygge seg opp ein fri eigenkapital etter målsetjingane og sikre seg eit handlingsrom med ein økonomisk buffer mot uføresette hendingar.*

### Driftsbudsjettet 2021

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 16,9 mill. kroner, som utgjer 3,8 prosent av driftsinntektene. Av driftsresultatet er det budsjettert med 9,3 mill. kroner til dekning av tidlegare års underskot, avsetjing til bundne driftsfond 6 mill. kroner og overføring til kapitalbudsjettet 1,5 mill. kroner.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 271 mill. kroner. I dette beløpet har kommunen lagt inn 3 mill. i kompensasjon for ekstra utgifter til koronapandemien. Prognosene etter vedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2021 er på 269,3 mill. kroner, inkludert 3,9 mill. kroner til koronapandemien.



Inntektene for eigedomsskatt er budsjetterte til 43,5 mill. kroner, som er ein auke på 2,9 mill. kroner samanlikna med budsjett 2020. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er forventa å bli lågare, frå 13,8 mill. i 2020 til budsjettert 5 mill. kroner i 2021. Utbetalingar frå Havbruksfondet er budsjettert til 7,7 mill. kroner. Beløpet er berekna etter nye reglar for midlar frå Havbruksfondet, og er tilnærma det kommunen fekk i 2019, som er eit naturleg år å samanlikne med for korleis midlar blir utbetalt frå fondet.

Utbytte frå eigarskap i selskap er budsjettert med 2,7 mill. kroner, i hovudsak frå Bremanger eigedom AS (2 mill.) og SFE holding AS (0,7 mill.). Inntekt for utbytte i 2020 var 0,9 mill. kroner, av dette 0,8 mill. frå SFE holding. Avdrag er budsjettert etter reglane i ny kommunelov med 14,2 mill. kroner.

Derivatavtalane (renteutbytteavtale og rentebytteavtale) kommunen har med Danske bank vart gjort effektive frå 2016 og varer fram til 2036. Årleg netto effekt av avtalane er 7 mill. kroner i utgift for kommunen. Gjelda som kommunen har til Danske bank blir årleg redusert tilsvarende netto kontantstraum av rentebytteavtalane, budsjettert til 7 mill. kroner. Nettoverdien av avtalane blir verdifurdert ved kvart årsskifte. Dersom rentenivået endrar seg, vil dette medføre både reell utgiftsauke (ved rentenedgang) eller inntektsføring (ved renteoppgang). Dette betyr at rentebytteavtalane framleis gjev finansiell risiko. Det er ikkje budsjettert med finansiell «gevinst eller tap» for avtalane.

Samanlikna med revidert budsjett for 2020 er netto ramme for administrasjon og tenesteområda nominelt redusert med 16,7 mill. kroner, til 304 mill. kroner. Av dette er 10 mill. i reduksjon for helse- og omsorg og 4 mill. kroner for oppvekst.

Det er òg oppgjeve frå kommunen at nye tiltak som vart vedteke i handsaminga av kommunestyret, ikkje er lagt inn i budsjett- og økonomiplan. Økonomisk er ikkje dette vesentlege tiltak, og rådmannen opplyser at dei vert innarbeidde i 1. tertialrapport.

#### Tidlegare års meirforbruk

Akkumulert underskot per 31.12.2019 var 9,3 mill. kroner. Dette er frå eit underskot i 2014, og frist for inndekning er 2021. Med grunnlag i andre tertialrapport i 2020, var prognosene eit underskot som ville auke det akkumulerte underskotet opp til 16 mill. kroner. Det er dette som er lagt til grunn for budsjettering av inndekning av underskot i budsjett- og økonomiplan, med 9,3 mill. i 2021 og 7,1 mill. kroner i 2022.

Etter førebels rekneskap for 2020, har kommunen eit akkumulert underskot på 8,7 mill. kroner.

#### **Statsforvaltaren sin kommentar**

*Drifta til kommunen har for dei seinare åra gått med større ubalanse. Førebels rekneskap for 2020 viser òg eit høgare netto forbruk, om lag 5 mill. kroner samanlikna med opphavelg budsjett. Sjølv om dette er lågare enn åra før, betyr det at ekstra inntekter (t.d. frå Havbruksfondet) må nyttast til å dekkje slike meirforbruk framfor å dekkje tidlegare underskot. For at kommunen skal klare å dekkje inn det resterande underskotet i 2021, og deretter bli meldt ut av Robek-registeret, er det avgjerande at netto reduksjonar i drifta blir gjennomført som planlagt. Dette må følgjast opp etter krava i kommunelova om budsjettstyring gjennom budsjettåret.*

#### **Investeringsbudsjettet 2021**

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmidlar for til saman 26,8 mill. kroner. Dette skal finansierast med 14 mill. i nye låneopptak, ubundne investeringsfond 3,4 mill., kompensasjon



meirverdiavgift 4,7 mill., tilskot 4,3 mill. kroner og overføring frå drift kr 300 000. Av låneopptak utgjer lån til VA-anlegg 3,1 mill. kroner.

Av budsjetterte investeringar er kr 300 000 til leige av ny brannstasjon i Svelgen, finansiert med overføring frå drifta. Det er ikkje inngått endeleg leigeavtale med utbyggjar.

I tillegg er det budsjettet med 2 mill. kroner i tilskot til Kyrkja, som dei skal nytte til rehabilitering av kyrkjer. Nærare omtalt i budsjett dokumentet gjeld dette *universell utforming og elektriske anlegg*. Tilskotet skal finansierast med lån.

Ved siste årsskifte hadde kommunen ei langsiktig lånegjeld på 366 mill. kroner, som utgjorde 77 prosent av driftsinntektene. I 2019 var landsgjennomsnittet 110 prosent.

Som Robek-kommune etter kommunelova § 28-1 skal departementet etter § 28-3 godkjenne opptak av lån og leige av varige driftsmidlar etter bestemte vilkår. Departementet har delegert dette myndet til Statsforvaltaren.

#### **Statsforvaltaren sin kommentar**

*Av låneramma gjeld 2 mill. kroner tilskot til Kyrkja, som dei skal nytte til rehabilitering av kyrkjer. Etter kommunelova § 14-14 kan kommunar ta opp lån til formål som har heimel i anna lov, dersom tiltaket har heimel i ei løying i investeringsbudsjettet. Etter lov om Den norske kyrkje, kan kommunen ta opp lån for å finansiere tilskot til bygging av kyrkjer og anlegg av gravplassar, men ikkje til drift av slike. Kommunen må derfor avklare at det budsjetterte tilskotet på 2 mill. kroner berre skal nyttast til investeringsformål.*

*For leigeavtalen til ny brannstasjon må kommunen ta stilling til om avtalen skal klassifiserast som finansiell eller operasjonell etter reglane i kommunal rekneskapsstandard nr. 8. Dersom det er ein finansiell leigeavtale, blir han vurdert som langsiktig gjeld etter vilkåra i kommunelova §§ 14-14 til 14-17. Avtalen kjem inn under kommunelova § 28-3, og er ikkje gyldig før han er godkjent av Statsforvaltaren. Etter innhald og vilkår i leigeavtalen kan dette også gjelde for operasjonelle leigeavtalar.*

#### **Økonomiplan 2021 – 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanen sin handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Samanlikna med 2021-budsjettet er driftsinntektene auka i perioden 2022 – 2024. Dette gjeld først og fremst inntekter frå eigedomsskatt og gevinst for sal av konsesjonskraft. Netto driftsresultat er budsjettet mellom 2,8 til 5,3 prosent. Avsetjingar til bundne driftsfond er vidareført på same nivå som i 2021, og etter det lagt inn avsetjingar til disposisjonsfond med til saman 26 mill. kroner.

Budsjetting av inntekt for skatt og formue og rammetilskot er gjort etter prognosar for utvikling av folketalet i kommunen, og etter det redusert ut over i perioden samanlikna med prognosemodellen til KS. Inntekter frå eigedomsskatt er auka frå 43,5 mill. i 2021 til 50 mill. kroner i 2024. Bakgrunnen for dette er auke i skatteinntekter frå utbygging av vindkraftanlegget på Guleslettene, frå 3 til 10 mill. kroner årleg i 2024. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er auka opp til 9 mill. kroner i 2024. Inntekter frå Havbruksfondet er budsjetterte etter nye reglar med 17 mill. i 2022 og 2024, og 7 mill. kroner i 2023.



Det er budsjettet med ein mindre reduksjon i ramma for netto drift for administrasjon og tenesteområda, frå 304,1 mill. kroner i 2021 til 302,5 mill. kroner i 2024 (faste prisar).

I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmidlar for 61,7 mill. og tilskot til rehabilitering av kyrkjer med 8 mill. kroner. Av dette skal 39,8 mill. kroner bli finansiert med nye lån. Avdrag er budsjettet med 59,6 mill. kroner, slik at lånegjelda blir redusert samanlikna med (i prosent av) driftsinntektene.

#### Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	>1,75
Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	< 75
Frie driftsfond i % av driftsinntekter	> 5

Budsjett og økonomiplan er vedtekne med følgjande finansielle måltal:

	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	3,8	5,3	2,8	4,5
Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	84	82	83	80
Frie driftsfond i % av driftsinntekter	0	2	3	6

#### Statsforvaltaren sin kommentar

*Som kommentert for 2021-budsjettet er det avgjerande at kommunen gjennomfører og styrer aktiviteten i drifta etter kommunestyret sine vedtekne økonomiske rammer, og at dette blir vidareført i økonomiplanen. På denne måten kan kommunen bygge seg opp ein fri eigenkapital etter målsetjingane, og sikre seg eit handlingsrom med ein buffer mot uføresette hendingar som kan få negative følgjer for økonomien.*

#### Vedtak:

**Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Bremanger kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2021 – 2024 er godkjent med følgjande låneopptak i 2021:**

- **VA-investeringar 3,1 mill. kroner.**
- **Investeringar i andre anleggsmidlar 10,9 mill. kroner.**
- **Tilskot til investeringar i kyrkjer 2 mill. kroner.**
- **Lån frå Husbanken til vidare utlån med 3 mill. kroner.**

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*